



## Årsmelding 2018

Det har vore eit aktivt år. Mange deltakarar har vore engasjert i alle aktivitetar.

Årsmøte vart halde 13.februar 2018. Der vart Aslaug Haugland vald til leiar og Jostein Hove-Henriksen vart vald som sekretær. Anne Karin Bognøy sit som nestleiar. Shirley Røssland sit i styret som kasserar, Anne Grethe Kvamme 1.vararepresentant (brukarrepresentant), Signy K. Skintveit 2.vararepresentant, Kåre Landro – brukarrepresentant – møter i styret etter behov, Heide Øydvin – brukarrepresentant – møter i styret etter behov.

Ingen valkomitè for 2018.

Vår eige side på facebook er svært populær. Den heiter Sjursethusets venner og er svært godt besøkt. Her legg vi ut informasjon om alle våre aktivitetar.

Kommunen er informert om at vindu i gavlen på Sjursethuset må skiftast og ytterdør skiftast eller reparert. Vi ser at vindu i gavlen er til rehabilitering. Vi har røyrslahemma medlemmar og treng å få laga ein rampe fram til inngangsdøra.

Vi ventar framleis på tilbakemelding frå kommunen om å rehabilitera hagen, og utvikla den vidare rundt Sjursethuset ned mot det gamle Meieriet.

Aktivitetar:

Det vart halde sommarfest på Sjursethuset 19.juni kl. 17.00 -20.00. Flott arrangement til ca. 20 personar.

Det har vore tirsdagskafé i oddetalsveker. Mellom 8-15 personar har vore innoom og fått seg eit godt måltid mat. Vi har hatt nokre spelekveldar. Praten går som oftast livleg og stemningen er høg.

Strikkeklubb mandager i partalsveker. Godt oppmøte, 6-15 personar.

Syklubb på torsdagar har variert litt. Opningstid torsdagar kl.11.-14.00.

Handverksbutikk siste laurdag i kvar månad kl.11.-15.00. Særs godt vitja.

24.-26. august deltok vi med stand på kystsogedagane i Meland. Variabelt ver og stor suksess. God omsetnad.



Med hausten kom basaren på Nordgardsløa 06.09.18. Godt frammøte. Godt loddsal og mange fine gevinstar. Lett underhaldning. Vi serverte heimelaga betasuppe og kaffe.

Verdensdagen vart markert 09.10. kl.18.00 på Sjursethuset. Vi serverte festmiddag/kinamat til 18 personar. Vi delte ut brosjyrar m.m utover hausten.

Salsmessa var i år frå torsdag 29. november – laurdag 01. desember. Den var svært godt besøkt og vi hadde mykje fint handarbeid/lefser til salgs. Det vart omsett for over kr. 44.000,-.

Handarbeidsgruppa hadde juleavslutning 10. desember 2018. Hyggeleg kveld. Vi serverte karbonadesmørbrød.

Julemiddagen var i Nordgardsløa den 08.12.18. Vi var totalt 45 personar som hygga oss med velsmakande mat. Det vart servert pinnekjøtt og svineribbe med alt det som høyrer til. Multekrem, riskrem, karamellpudding til dessert, samt krumkaker, dessertkaker og kransekake.

Vi hadde utlodning av gåver på inngangsbilletten. Vi var så heldige å ha med Ina Kvinge Stokke på fløyte og Lars Bjørnar Kvinge Stokke på saksofon/gitar. John Nicolaisen spela munnspele. Vakker underhaldning og god allsang. Takk til alle.

Eit travelt, innhaldsrikt og strålende år.

Mental Helse Meland, styret

*Ordførar Haukland*

*Kare-O Rønd*

*Anne Grethe Kvamme*

*Shirley Helen Røssland*

*Øystein Næss-Kartz*

*Anne-Lorin Bognøy*

